



Arkivsak

26/04795-3

Sakshandsamar

Wenche Aadalen

Saksgang

Fylkesting

Møtedato

18.6.2026

Fergene Telemark FKF - Årsrekneskap og årsrapport 2025

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget tek årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding 2025 for Fergene Telemark FKF til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Fergene Telemark FKF er eit heileigd fylkeskommunalt føretak i Telemark fylkeskommune. Føretaket har eige styre som har det samla ansvaret for verksemda, inkludert fastsetjing av årsrekneskap og årsmelding.

Årsrekneskap og årsrapport for 2025 blei handsama og endeleg godkjende av styret i møte 26. mars 2026. Saka blir sendt vidare til fylkeskommunen for eigarhandsaming i samsvar med kommunelova § 9-16. Fylkestinget handsamar saka som eigarorgan, og dokumenta blir lagde fram til orientering.

Kontrollutvalet gir uttale før endeleg behandling i fylkestinget.

Saksopplysningar

Om føretaket

Føretaket har ansvar for den løpande drifta av dei fylkeskommunale ferje- og båttene i Telemark, herunder å sikre eit trygt, effektivt og påliteleg transporttilbod for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. I 2025 hadde føretaket:

- 32 fast tilsette
- i tillegg om lag 31 sesongarbeidarar knytte til drift av fartøya gjennom året
- 4 politisk valde styremedlemmer og éin tilsettere representant (med vara)
- Godtgjersle til folkevalde utgjorde 321 353 kroner for året

Styret si handsaming

Styret i Fergene Telemark FKF handsama og fastsett årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding for 2025 i sakene 07/26 og 08/26. Etter korrigerings av enkelte feil i rekneskapen blei både årsrekneskapen og årsrapporten samrøystes godkjende av styret og oversende fylkestinget.

Drift og aktivitet

2025 har vore prega av høg operativ aktivitet og markant vekst i trafikken, særleg i sommarsesongen. Talet på frakta køyretøy har auka betydeleg, noko som har gitt auka belastning på fartøy, mannskap og vedlikehaldsbudsjett.

Føretaket har hatt særleg fokus på driftstryggleik, sikkerheit og etterleving av regelverk. Fleire av fartøya har høg alder, noko som aukar behovet for vedlikehald og risikoen for uforutsette utgifter.

Driftsrekneskap

Årsrekneskapen for 2025 vart avslutta i balanse og viser eit positivt netto driftsresultat på 1,4 mill. kr. Resultatet er påverka av rekneskapsmessige forhold, mellom anna inntektsføring av tidlegare avsette middel til klassing av ferje. Utan denne eingongseffekten ville drifta ha vist eit meirforbruk.

Føretaket har hatt store utgifter knytte til drift og vedlikehald av eldre fartøy, i tillegg til eingongsutgifter i etableringsåret etter verksemdoverdragingane. Den økonomiske situasjonen blir vurdert som krevjande, men handterbar ved utgangen av 2025.

Investeringar og vedlikehald

I 2025 er det gjennomført nødvendige investeringar og større vedlikehaldstiltak, mellom anna:

- utskifting av hjelpemotorar
- innkjøp av ny redningsbåt
- klassing og verkstadopphald for eldre fartøy

Tiltaka har vore nødvendige for å sikre forsvarleg drift og etterleving av krav frå Sjøfartsdirektoratet.

Andre forhold

I løpet av 2025 har føretaket arbeidd med:

- etablering av HMS- og kvalitetssystem
- sertifiseringar (DOC og SMC)
- omprofilering av fartøy og tilsette
- samordning av administrative system med Telemark fylkeskommune

Styret vurderer at føretaket blir drive i samsvar med formål, vedtekter og vedtak frå eigar.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har ingen direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen utover at fylkestinget tek årsrapport og årsrekneskap til orientering. Eventuelle behov for vidare oppfølging eller eigartiltak blir handsama i eigne saker.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Fergene Telemark FKF påverkar klimagassutslepp gjennom drift av ferje- og båttjenester, men bidreg til fylkets klimamål ved å tilby kollektiv sjøtransport som alternativ til bilbruk, og dermed redusere samla klima- og naturbelastning.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at årsrapport og årsrekneskap for 2025 gir eit dekkande bilete av verksemda i Fergene Telemark FKF sitt første fulle driftsår. Føretaket har levert stabile tenester i tråd med samfunnsoppdraget sitt, samstundes som det står overfor betydelege økonomiske og tekniske utfordringar knytte til eldre materiell og aukande etterspurnad.

Det er rett at fylkestinget tek årsrapport og årsrekneskap for 2025 til orientering. Vidare oppfølging bør skje gjennom eigarstyring og i tilknyting til handlings- og økonomiplanarbeidet

Vedlegg:

Protokoll styremøte 26.03.26 inkludert årsrekneskap og årsrapport 2025

Revisors beretning Fergene Telemark FKF 2025